



Wellconnection Mongstad AS  
Storemyra 279  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/27 - 16/5487

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
29.02.2016

## Etterlyser årsrapport for utskiljaranlegg for 2015 ved Wellsconnecion - gbnr 127/106, Storemyra 279

Teknisk drift etterlyser innrapportering av utskiljaranlegg for **2015**. Årsrapporta skulle ha vore kommunen i hende seinast 1. februar 2016 (gjeld både fett- og oljeutskiljaranlegg). Kommunen kan ikkje sjå at vi har motteke dette.

I samband med dokumentasjon av fettutskiljaranlegg ved Dykkar verksemde har vi i e-post, datert 12.01.16, 03.02.16 minna Dykk om rapporteringsfristen. I e-post av 19.02.2016 vart det sett ei ny frist for innrapportering til kommunen. Denne fristen vart sett til 26.02.2016.

Lindås kommune har den 24.02.2016 motteke ei tømmerapport for fettutskiljar frå SAR der anlegg vart tømt **23.02.2016** og ei temperaturlogging utført i perioden **09.02.16-13.02.16**. Denne dokumentasjonen vil verte ført som ei del av årsrapporta for **2016**.

Wellsconnection Mongstad AS har framleis ikkje sendt inn dokumentasjon på utført tømning, temperaturlogging og årsrapport/vedlikehaldsrapport for fettutskiljar for 2015. Kommunen har heller ikkje motteke årsrapport for oljeutskiljaranlegg med analyserapport av vassprøve(r).

Wellconnection Monstad (tidligere Frank Mohn) har opplyst at dei ikkje har hatt fast tømmeavtale med tømmeoperatør før 2016. Verksemda er sjølv ansvarleg for å sende inn årsrapport til kommunen for 2015 med mindre det ligg føre eige avtale om at tømmeoperatør skal stå for dette. Da det ikkje har vore inngått avtale om dette i 2015, må verksemda sjølv stå for innrapporteringa. Tømmeoperatør SAR kan ikkje stå for denne innrapporteringa da dei ikkje har utført tømning, temperaturlogging og vedlikehald av anlegg for dette året.

### Teknisk drift etterlyser derfor følgjande innrapportering for 2015:

For fettutskiljar må følgjande sendast inn:

- Tømmerapporter
- Temperaturlogger
- Årsrapport/vedlikehaldsrapport for anlegg.



For oljeutskiljar(ar) på følgjande sendast inn:

- Tømmerrapporter
- Analyse av vassprøve(r)
- Årsrapport/vedlikehaldsrapport for anlegg

Teknisk drift etterlyser også kopi av underskiven tømmeavtale med tømmeoperatør SAR som heldt til ved Sjøkrigsskoleveien 15, 5165 Laksevåg.

*Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser, forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, forurensningsforskriften § 15-7 og 15A-4 at Teknisk drift krev innsending av dokumentasjon på utskiljaranlegg ved – gbnr 127/106, Storemyra 279.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

IMR PROPERTY AS

Storemyra 279

5954

MONGSTAD

**Mottakarar:**

Wellconnection Mongstad AS

Storemyra 279

5954

MONGSTAD